



KVINNHERAD KOMMUNE  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Dato: 03.04.2018  
Vår ref.: 2017/15118-28  
Saksbehandlar: hanengu  
Dykkar ref.:

## Fråsegn - Høyring av detaljreguleringsplan for Fjelbergsambandet - Kvinnherad kommune

Vi viser til brev datert 27.10.2017 om høyring av forslag til detaljregulering for Fjellbergsambandet. Hovudføremålet i planen er vegføremål og er i hovedsak i samsvar med kommuneplan. Fjelbergsambandet skal løye ny fylkesvegtrase for sambandet mellom Borgundøy, Fjelbergøy og Halsnøy. Traseen er regulert i tråd med alternativ 2A i vedteken kommunedelplan mellom Borgundøy og Fjelbergøy. I staden for kabelferje omfattar reguleringsplanen ei løysing med ferjefri kryssing av Sundnessundet. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

I brev av 8.11 viste Hordaland fylkeskommune til at det var behov for arkeologisk registrering i planområdet og varsle krav om forlenga høyringsfrist i tråd med kulturminnelova. I brev av 7.12.2017 bad vi om ytterlegare utsett frist til 16.3.2018 i påvente av at søknad om fråvik frå vegnormalane kunne bli handsama og lagt til grunn for vår uttale. Den arkeologiske registreringa er gjennomført, men søknaden om fråvik frå vegnormalen er ikkje handsama enno. Hordaland fylkeskommune sender likevel fråsegn no etter avtale med kommunen, jf. e-postkorrespondanse i saka.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internetsidene våre: [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan).

### Vurdering

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren utførte den varsle markundersøkinga på Sydnes gnr. 208, bnr. 1 mfl. 21.11.2017 utan at det vart gjort funn av automatisk freda kulturminne innanfor planområdet.

Frå før var det kjent funn av tre automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Dette er lokalitetane id. 143890, id. 111936 og id. 111940, som alle saman representerer førhistorisk dyrking og/eller avsviing.

Ut frå tilsendt plankart er planen i konflikt med dei tre automatisk freda kulturminna, men graden av konflikt er ulik og kunnskapsverdien desse har, har blitt vekta ulikt.

Hordaland fylkeskommune har sendt saka over til Riksantikvaren som er rette mynde i høve til å gjje løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne.

Riksantikvaren gjev samtykke til at reguleringsplanen for Fjelbergsambandet kan godkjennast under føresetnad av at det vert gjennomført ei arkeologisk utgraving av kulturminne id 143890 før tiltak i tråd med reguleringsplanen vert realisert, jf. vedlagd kart datert 12. januar 2018. I samsvar med kulturminnelova § 10, skal den arkeologiske granskinga bli dekt av tiltakshavar.

Hordaland fylkeskommune oversender med dette vedtak hos Riksantikvaren som gjeld løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne jf. Kulturminneloven § 8. 4 ledd. Riksantikvaren set som vilkår for at reguleringsplanen kan godkjennast at det skal utførast ei arkeologisk utgraving av ein av kulturminnelokalitetane før tiltak etter planen realiserast. Den arkeologiske utgravinga må kostast av tiltakshavar jf. § 10 i kulturminnelova. Hordaland fylkeskommune ber om at Riksantikvaren sitt vedtak i uavkorta form vert tatt med i føreseggnene til planen:

*"Før iverksetjing av bygging av vegsamband, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminne id 143890 som er merka som område for føresegn #3 i plankartet.*

*Tiltakshavar skal ta kontakt med Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfangen av den arkeologiske granskinga kan bli fastsett.*

*Kulturminne id 111936 som er merka som område for føresegn #1 kan bli fjerna utan vilkår om arkeologisk arbeid.*

*Den mindre delen av kulturminne id 111940, merka som #2, som vil bli råka av vegbyggingstiltaka kan bli fjerna utan vilkår om arkeologisk gransking. Den delen som ikkje blir råka av tiltak i medhald av planen skal bli liggande att og fortsett vere automatisk freda".*

Det er ein føresetnad for dispensasjonen frå den automatiske fredinga at teksten over vert teke inn i føreseggnene til reguleringsplanen.

Riksantikvaren sitt vedtaksbrev fylgjer saka. Dersom Riksantikvaren sine krav ikkje vert fylgt, er dette grunnlag for motsegn frå Hordaland fylkeskommune.

#### *Automatisk freda kulturminne nær plangrensa*

I tillegg til dei freda kulturminne som er direkte råka av planen, er det freda kulturminne som ligg nær plangrensa. Desse må sikrast i anleggsperioden. Det er viktig at plangrensa er merka i terrenget og at dei frede kulturminne nær plangrensa vert fysisk sikra i anleggsperioden.

Fylkeskonservatoren ber Kvinnherad kommune og utførande entreprenør syta for å sikra desse slik at det ikkje skjer skade på kulturminne i anleggsperioden. Arkeologkompetanse bør vera med på å kvalitetssikra dette arbeidet.

#### Landskap

Det er store og viktige landskapsverdiar i planområdet, spesielt knytta til Fjellbergsundet som i er gitt stor verdi i rapporten «Verdirunding av landskap i Hordaland fylke». Dette er eit landskap av typen våg og smalsundslandskap og karakteren til området kan bli sterkt endra av eit veganlegg. Spesielt er det bruene som skal byggast som vil ha påverknad på omgjevnadene, men planskilldrunga omtaler dette på ein god måte og gir grunnlag for at bruene vil bli utforma på ein best mogeleg terrengtilpassa måte.

Hordaland fylkeskommune ser at vegtraseen er utforma på ein relativt nøktern måte slik at ein dempar dei negative effektane av terrengeinngrepa. Det er likevel nokre stadar der inngrepa vert vesentlege med store skjeringar. Dette gjeld særleg strekninga mellom Nordre Fjelbergsund og Usthus/ Vik kor ein vil få store skjeringar som vil ligge eksponert mot fjordrommet i Fjeldbergsundet og kulturlandskapet ved Nordhus og ved Usthus/ Vik. Også mellom Nordhus og Rongedalen ligg traséen i skjeringar som gir veganleggjet ein negativ konsekvens.

Det er viktig at ein i prosjekteringa av anlegget og i planen for ytre miljø (YM-plan) som skal bli utforna, har stort fokus på å dempe dei negative effektane av tiltaket for å ivareta viktige verdiar så godt som mogeleg.

#### Landbruksjord

I kommunedelplanen vart alternativ 2A vald for å ta omsyn til landskap og kulturminne. Dette innebar aksept for negativ konsekvens for landbruk og nedbygging av dyrka mark. Løysinga med bru over Sundnessundet fører i tillegg med seg arealbeslag på dyrka mark på Sundnes. Hordaland fylkeskommune understreker at jordressursane i så stor grad som mogeleg må takast vare på og takast i bruk andre stader.

#### Samferdsel

Det har vore dialog om vegstandard mellom Statens vegvesen, fylkeskommunen og kommunen, og partane har vorte einig om at ein SA2 standard er tilstrekkeleg. I plankartet er det lagt inn SA2 standard med tilhøyrande tilbod til mjuke trafikantar. Hordaland fylkeskommune stiller seg positiv til val av vegstandard, men tek etterhald om endringar i samband med fråvikshandsaminga der det vert gjort ein samla risikovurdering.

Vi legg stor vekt på å skilje mjuke og harde trafikantar og viser til at plankartet opererer med 2 meter til G/S-veg. Vi legg til grunn at heile arealet vert nytta til dette formålet og at skulder kjem i tillegg. Vegbanen og G/S-veg må skiljast med skråstilt kantstein for i størst mogleg grad hindre at G/S-veg vert nytta av køyretøy og til parkeringsareal. Vi ber om at krav til bredde og skilje frå vegbanen vert teke inn i planføresegna.

#### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld vegstandard, tilrettelegging for gang og sykkel, kulturminne, landskapstilpassing, og jordvern. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

#### **Vedlegg**

Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd  
Brev frå Riksantikvaren datert 12.01.2018

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Lars Øyvind Birkenes, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland